

# Full damp og tomt for øl

**FLORØ:** Tusenvis av menneske skapte folkefest i Florø laurdag i samband med Fjordsteam-arrangementet.

KNUT MAGNUSSEN tekst og foto

På torget var det bondens marknad og sal av alskens varer, med godt besøkte salsbuer. På pubar og serveringsstader, ute og inne, var det godt med folk, og langs heile Strandgata stod det tett med skinnande, blankpolerte veteranbilar.

Veteranbrannbilar frå Bergen, Osterøy, Førde og Naustdal hadde teke turen til Florø og eit av høgdepunkta var då Bergen brannvesen demonstret brannsløkking og berging på rådhuset, og med stige bilen henta folk ut frå fjerde etasje og trygt ned på den fullpakka rådhusplassen der små og store stod tett i tett for å få med seg hendinga.

## – Årets flottaste

Om bord på båtane var det ein jamn straum av skodelystne. Fjordabåtane køyrde i skytteltrafikk med folk mellom Florø og oyane, medan store segljekter hadde kappsegling på Florøvika.

– Årets flottaste arrangement, var den gjengse oppfatninga hos folk vi snakka med. Dei gjekk rundt i godveret og glede seg over synet av dei gamle båtane og bilane.

– Vi må seie oss nøgde, for vi får så å seie berre gode tilbakemeldingar, sa Jan Midtbø, ein av dei arrangementsansvarlege.

Fjordsteamkomiteen hadde rigga til stemnekontor på Torgkaia, og kunne melde om få problem under vegg, i eit arrangement som vart den folkefesten arrangørane hadde håpa på, og som også lokka fram sommarsola.

## Spesialøl

– Eit flott arrangement, heilt topp, sa Guri Skorpen, som job-

## ■ Tusenvis av menneske fylte Florø-gatene



**VETERAN:** Alex Vassbotten deltok i veteranbilparaden, mellom anna med denne bilen, ein Alvis frå 1935.

bar på Nille-butikken i Strandgata. Alle ser ut til å kose seg. Omsetnaden har vore god, men handelen går litt i rykk og napp. for kundane kjem når det ikkje er eit eller anna som skjer ute i gata.

Litt lenger ute i gata driv Espen Lothe eige mikrobryggeri og olutsal. Til Fjordsteam hadde han laga ein eigen ølsort, Dampen, men laurdag foremiddag var lageret tomt.

Utover ettermiddagen heldt festen fram, på batar og bryggjer, i buer, revyfelt og serveringsstader.



**BÅTTUR:** Det var ein jamn straum av folk til og frå båtane. «Oster» og «Granvin», her ved Torgkaia, var mellom dei fjordbåtane som tok folk med på turar til oyane.



**TOMT:** Håvard Lothe hadde bryggja nokre tusen liter spesialøl, kalla Dampen, til Fjordsteam, og måtte konstatere at kvar ein drope gjekk med.



**GUACAMOLE** **÷50%**

**19<sup>90</sup>**

pr. stk  
Førpris 39,80

62,19 pr. kg, OLD EL PASO, 320 g



**WRAP TORTILLA** **÷25%**

**22<sup>10</sup>**

pr. pk  
Førpris 29,50

58,16 pr. kg, SANTA MARIA, 380 g



**TACO SPICE MIX** **÷20%**

**7<sup>90</sup>**

pr. pk  
Førpris 9,90

OLD EL PASO, 30 g

# BUNNPRIS

[bunnpris.no](http://bunnpris.no) [mobil.bunnpris.no](http://mobil.bunnpris.no)

VI TAR FORBEHOLD OM MIDLERTIDIG UTSOLGT OG TRYKKFEIL.